



## SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval            | Møtedato   |
|-------------|------------------|------------|
|             | Komitè for drift | 13.11.2007 |

### Skule- og utdanningsplan 2009-2012. Mandat og organisering

#### Samandrag av saka:

Administrasjonen fekk i møte i komite for drift 23/10-07 i oppdrag å starta arbeidet med ein revisjon av gjeldande skulebruksplan og utarbeida eit mandat for planarbeidet.

Skule er eit viktig satsingsområde for kommunen. Tiltredingserklæringa for 2007-2011 legg opp til eit fokus på skulen som både tek føre seg fysiske tilhøve og innhaldet i skulen. I motsetning til tidlegare skulebruksplanar som i hovudsak har fokusert på skulebygg og tilvekst, legg ein her opp til eit planarbeid som femnar vidare med ønskje om ein brei lokalpolitisk diskusjon om utdanningspolitikken i Fjell kommune.

Rådmannen legg opp til ei tradisjonell organisering av planarbeidet med ei politisk styringsgruppe nedsett av representantar frå dei tre komiteane. Styringsgruppa får fullmakt til å nedsetje eigne faggrupper og innhente naudsynt kompetanse der ein evt. finn det teneleg. Plan- og utbyggingssjefen har det administrative ansvaret for planarbeidet.

Det vert lagt opp til ein framdriftsplan med slutthandsaming i kommunestyret tidleg i 2009.

#### Innstilling:

1. Komitè for drift godkjenner framlegget til mandat og organisering slik det går fram av saka.
2. Styringsgruppa vert sett saman slik:
  - 2 representantar frå komite for drift (KD)
  - 2 representantar frå komite for plan og utvikling (KPU)
  - 1 representant frå komite for finans og forvaltning. (KFF)

Straume, den 31.10.2007

Steinar Nesse  
Rådmann

Willy Sørensen  
Plan- og utbyggingssjef

## Dokument vedlagt saka:

### Saksopplysningar:

#### 1. Bakgrunn:

I tiltredingserklæringa og den politiske plattformen for perioden 2007-2011, er skule eit av satsingsområda. M.a er det framheva at ein så snart som mogeleg ønskjer å starta opp arbeidet med rullering av skulebruksplanen.

Komite for drift drøfta i møte 23/10-07 grunnlag for mandat til planarbeidet.

Komiteen gjorde følgjande vedtak:

*Administrasjonen får i oppdrag å lage ei sak om revisjon av skulebruksplanen. Der må det også føreligge forslag til mandat.*

Fjell kommune har utarbeidd fleire skulebruksplanar. Planen som vart vedteken i 1991, vart i 1994 avløyst av ein ny plan som særskild tok føre seg skuletilbodet til 6-åringane og press på skulane grunna omfattande og rask bustadbygging.

Gjeldande skulebruksplan for Fjell vart vedteken i mars 2000. Bakgrunnen for den planen var mellom anna grunnskulereforma frå 1997, innføringa av skulefritidsordning og nye standardkrav til skulebygg og uteområde. Planen var ein hovudgjennomgang av skulestrukturen i kommunen og tok føre seg fysiske tilhøve knytt til skulebygg og behov for nybygg/tilbygg i kvar krins. Den gav ei oversikt over skulebygg og uteområde og vurderte skulen si rolle som senter for nærmiljøutvikling. Planen la opp til store nyinvesteringar i skulebygg der tiltaka no enten er fullført eller igongsett. Dei største enkeltinvesteringane var Liljevatnet skule, utviding av Fjell ungdomsskule, utviding av Knappskog skule og ny skule på Ågotnes.

#### Skulerelaterte problemstillingar i tiltredingserklæringa

Skuleområdet er styrt av ei lang rekkje nasjonale retningslinjer og planar som i stor grad legg føringar for korleis skulane skal drivast og utviklast. Ein har m.a. læreplanar som legg tydelege føringar i høve kompetansemål og grunnleggande dugleik innan lesing, skriving, rekning, munnleg framstilling og IKT. I tillegg skal skulen lage lokal læreplan i alle fag.

I tiltredingserklæringa for 2007-2011 er det lagt opp til eit fokus på skulen som i langt større grad omfattar innhald og utvikling. Mellom anna heiter det (s. 2.):

- *Evaluering av arbeidet lærarar utfører og resultatet dei oppnår med elevane, skal nyttast for å styrka kvaliteten ved skulane og synleggjere behovet for auka kompetanse*
- *Den einskilde elev bør få ei tilpassa undervisning slik Opplæringslova krev.*
- *Det skal leggjast stor vekt på kompetanseutvikling av skuleleiarar og lærarar.*
- *Leiarkompetanse skal prioriterast ved tilsetjing av skuleleiarar, og i den grad det er mogleg skal personar med leiarerfaring frå t.d. næringslivet kunna tevla om skuleleiarstillingane ved dei større skulane.*
- *Skulebruksplanen skal straks takast opp til revisjon og rullerast fortløpande.*
- *Det skal gjennomførast forsøk med rektor/foreldrestyrte skular.*
- *Det skal vidareførast ein desentralisert skulestruktur som opprettheld nærleik til bygdene.*

- *Skulebygga skal inngå i eit prioritert vedlikehaldsprogram.*
- *PP-tenesta skal styrkast.*

Tiltredingserklæringa seier også noko vidaregåande skule/høgskule:

*Utdanningstilbodet på vidaregåande skular og høgskulenivå retta inn mot næringslivet i regionen, skal byggjast ut. (s. 3)*

## **Vurdering:**

Den nye politiske koalisjonen legg opp til ei større satsing på heile skulesektoren. Det kan derfor vere ein føremon å samle heile dette området under eit planområde på kommunedelplannivå. Å etablere ein delplan som tek føre seg heile bredda i tilbodet frå barnehage til vidaregåande/høgskulenivå vi gje eit samla bilte av kommunen sin utdanningspolitikk. I så måte vil det vere rett å snakke om ein skule- og utdanningsplan fordi den vil femne om mykje meir enn dei tidlegare skulebruksplanane har gjort.

Barnehagane har i dei seinare åra blitt meir og meir integrert i dei utdanningspolitiske arbeidet til Fjell kommune. Kommunen har m.a. starta forsøk med realfagspedagogikk i nokre av barnehagane. Å auke samarbeidet mellom barnehage og skule kan vere med å skape større kontinuitet i det pedagogiske arbeid for dei minste barna og gjere overgangen til skulestart lettare.

Når det gjeld vidaregåande og høgskulerelaterte tilbod i høve til næringsrelatert utdanning, bør ein drøfte kva kommunen si rolle skal vere i dette. Det vil m.a. vera rimeleg å drøfte forhold som samarbeid, kvalitet og kapasitet innanfor heile utdanningsfeltet i kommunen.

Den nye koalisjonen ønskjer å vidareføra ein desentralisert skulestruktur i kommunen. Planen bør derfor ta føre seg elevtilvekst i dei ulike krinsane i samband med behov for skulebygg og uteområde. Behova til skulefritidsordninga vert også ein del av dette. I samband med ein evt. ny skule i Straumeområdet, vil det kanskje vere naturleg å sjå dette i samanheng med elevinntaket til den planlagde barneskulen til Danielsen på Straume.

Det vert lagt opp til eit omfattande planarbeid der ein vil sjå på heile spekteret av utdanning kommunen er delaktig i – frå barnehage- til høgskulestadiet. Då sjølvstøtt med hovudvekt på den kommunale grunnskulen. I denne samanheng er det og naturleg at ein legg opp til ei brei politisk drøfting omkring innhaldet i skulen, samstundes som man formelt samordnar dei diskusjonane som no er etablert på praksisnivået.

Planarbeidet kan på mange område bli eit pionerarbeid når det gjeld samarbeid og korleis skulane i Fjell skal drivast. Det er derfor naudsynt at ein i planarbeidet legg vekt på omfattande dialog og medverknad frå alle sentrale partar.

## **Organisering**

Kommunen har tradisjonelt hatt ei sterk politisk styring av delplanarbeida. Rådmannen tilrår derfor bruk av ei overordna politisk styringsgruppe som leiar heile arbeidet med skule. Og utdanningsplanen. Det vert vidare tilråda at styringsgruppa vert organisert med 5 politiske medlemmer frå komiteane fordelt slik:

2 representantar frå komite for drift (KD)

2 representantar frå komite for plan og utvikling (KPU)

1 representant frå komite for finans og forvaltning. (KFF)  
Slik sikrar ein at alle komiteane vert delaktig i planprosessen.

Styringsgruppa vel sjølv leiar/saksordførar. Saksordføraren legg saka fram for kommunestyre.

Rådmannen tilrår vidare at styringsgruppa får fullmakt til å setje ned utvalde arbeidsgrupper om ein finn det naudsynt å gå grundigare inn på enkelte området. Samarbeid med barnehagar og høgare utdanning kan vere eksempel på slike tema.

Det bør og nedsetjast ei administrativ arbeidsgruppe som arbeider parallelt med ulike spørsmål som krev intern utgreiing. Plan- og utbyggingssjefen v/ samfunnsplan vert administrativ prosjektleiar for planarbeidet.

### **Framdriftsplan**

Rådmannen ser føre seg ein slik framdriftsplan:

|   |                           |
|---|---------------------------|
| Kartlegging av omfang, identifisering av problemstillingar, referanseinnhenting, utfordringar, samarbeidsmøter og vurderingar | November 2007- april 2008 |
| Utarbeiding av plandokument:  | Mai 2008 – september 2008 |
| Planframlegg:   | September/oktober 2008    |
| Høyring:  | November/desember 2008    |
| Slutthandsaming i kommunestyre  | Januar/februar 2009       |

### **Framlegg til mandat:**

1. Skule og utdanningsplanen skal byggja på dei lover og forskrifter som gjeld for grunnskulen og dei satsingsområde som ligg i handlingsprogram og tiltredingserklæring. Samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og næringsliv, kvalitet og kapasitet vert viktig stikkord i planarbeidet.
2. Planen skal sikra at skulane i Fjell kommune arbeider etter ein felles plan for kompetanse- og kvalitetsutvikling på tvers av dei einskilde skulane.
3. Fjell kommune har som visjon å bli den mest veldrivne kommunen i landet. Planen skal seia noko om korleis skulane skal arbeide for å kome denne visjonen i møte, og kva kommunen si rolle skal være i forhold til vidaregåande og høgskulerelatert utdanning.
4. Planen skal gje ei oversikt over skulebygg og uteområde og dei behov som må dekkjast i planperioden i høve til kvalitetskrav for skulebygg, skulefritidsordning og nærmiljøanlegg. Skulestrukturen må vurderast med basis i elevtalsutvikling i dei enkelte krinsane.
5. Styringsgruppa får fullmakt til å setje ned eigne arbeidsutval som kan utgreia fagemne / tema etter behov.
6. Planen skal liggja føre frå styringsgruppa si side seinast oktober 2008